

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	13.11.2017
Tidspunkt:	Kl. 16.00
Møtenr:	5-2017

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
30/17	Godkjenning av protokoll frå møtet 11. september 2017
31/17	Orientering frå Kommunalsjef landbruk, miljø og teknikk
32/17	Orientering om kommunen sin tertialrapport pr 31.08.2017 og utviklinga fram til no
33/17	Orientering om kommunen sitt budsjett 2018
34/17	Avklaringar vedrørende prosjektmandat
35/17	Kontrollutvalet sin årsplan 2018
36/17	Rapport forvaltningsrevisjon PP-tjenesten i Dalane
37/17	Statusoversikt november 21017

Ver grei å melde eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt.414 46 180 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner dei er inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Evt. saker merka (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/møtande varamedlemmer.

Vikeså, 06.11.2017

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S. Olsen
Sekretariatet

30/17 Godkjenning av protokoll frå møtet 11. september 2017

Arkivsak-dok. 16/00154-21
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	13.11.2017	30/17

Protokollen frå møtet 11. september 2017 vert lagd fram for kontrollutvalet til formell godkjenning.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møtet 11. september 2017.

SANDNES, 06.11.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Protokoll frå møtet 11. september 2017](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Til sakslista](#)

31/17 Orientering frå Kommunalsjef landbruk, miljø og teknikk

Arkivsak-dok. 16/00158-24
Arkivkode. 027
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	13.11.2017	31/17

Bakgrunn

Kontrollutvalet har som ledd i sitt tilsyn med kommunen vedteke å invitere kommunale leiarar for at dei kan orientere kontrollutvalet om deira arbeid og ansvarsområde. Til dette møtet har me invitert kommunalsjef landbruk, miljø og teknikk Kristian Nomedal

Saksutgreiing

Kontrollutvalet ynskjer at kommunalsjefen orienterer om fyljande emne:

- Avdelinga sin plass i organisasjonen
- Talet på tilsette
 - Rekruttering av medarbeidarar
 - Utfordringar i høve til rekruttering
- Kva tenester avdelinga leverer
- Avdelinga sitt budsjett og rekneskap
- Tankar om framtida.
 - Behovet for tenester frå avdelinga
 - Klarar avdelinga å levere i høve til behov

Kontrollutvalet har sett av 20 - 25 minutt til orienteringa inklusiv tid til spørsmål frå utvalet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek kommunalsjef landbruk, miljø og teknikk si utgreiing til orientering.

SANDNES, 06.11.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Til saklista](#)

32/17 Orientering om kommunen sin tertialrapport pr 31.08.2017 og utviklinga fram til no

Arkivsak-dok. 16/00333-7
Arkivkode. 212
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	13.11.2017	32/17

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal gje uttale til kommunestyret om kommunens årsrekneskap. For å få eit grunnlag til denne uttalen er det viktig for kontrollutvalet å følgje med i den økonomiske rapporteringa gjennom året. Rådmann og økonomisjef er invitert til møtet for å orientere.

Saksutgreiing

Rapporten til kommunestyret sitt møte 25. oktober ligg ved saka.

Rådmannen og økonomisjefen vil orientere om rapporten og utviklinga fram til no.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek orientering om kommune sin tertialrapport for 2. tertial 2017 til orientering.

SANDNES, 06.11.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Tertialrapport pr 31.08.2017](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Til sakslista](#)

33/17 Orientering om kommunen sitt budsjett 2018

Arkivsak-dok. 16/00170-2
Arkivkode. 151
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	13.11.2017	33/17

Bakgrunn

Kontrollutvalet deltek ikkje i kommunen si behandling av kommunen sitt budsjett. Men kontrollutvalet skal uttale seg om kommunen sin årsrekneskap, og må difor kjenne til korleis kommune planlegg økomien for komande år.

Saksutgreiing

Sekretariatet har bede rådmannen og økonomisjefen orientere om dette i møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek administrasjonen si utgreiing om budsjettet 2018 til orientering.

SANDNES, 06.11.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Til sakslista](#)

34/17 Avklaringar vedrørende prosjektmandat

Arkivsak-dok. 13/00301-54
Arkivkode. 217
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
I Kontrollutvalet i Bjerkreim	13.11.2017	34/17

Bakgrunn

Rogaland Revisjon har bede om at det vert sett opp ei sak kor ein kan drøfte prosjektmandatet til bestillinga av rapporten Skulemiljøet Bjerkreim. Grunngevinga frå revisjonen er at det er ei tid sidan prosjektmandatet vart vedteke og at det difor er behov for drøfte sider med bestillinga på ny.

Saksutgreiing

Bernt Mæland frå Rogaland Revisjon har laga eit notat som ligg ved saka. I notatet gjer han greie for moment som taler for å drøfte mandatet på nytt. Me viser til notatet som ligg ved saka.

Seniorforvaltningsrevisor Svein Kvalvåg vil vere med i møtet og drøfte mandatet med kontrollutvalet. Det mandatet som kontrollutvalet har vedteke i 2015 ligg ved saka.

Sekretariatet har og invitert rådmannen til å vere med under behandlinga av denne saken

FORSLAG TIL VEDTAK:

Mandatet vert oppdater med dei endringane som kom fram i møtet .
Rogaland Revisjon sender oppdatert mandat til kontrollutvalet via sekretariatet.

SANDNES, 06.11.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Vedr. mandat Skolemiljø - oppfølging - Mandat.pdf](#); [Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Bjerkreim kommune - Skolemiljø](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Til saklista](#)

35/17 Kontrollutvalet sin årsplan 2018

Arkivsak-dok. 16/00166-4
Arkivkode. 146
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	13.11.2017	35/17

Bakgrunn

Kontrollutvalet sin årsplan er ein overordna plan som dekker faste og kjende aktivitetar til kontrollutvalet i året som kjem. Planen er ikkje lovpålagt, men er eit styringsverktøy for utvalet.

Saksutgreiing

Planen gir ei kort oversikt over lovgrunnlaget for kommunen si kontroll og tilsynsverksemd og korleis denne er organisert. Vidare gir planen ein oversikt over saksbehandlinga i utvalet og kva oppgåver ein reknar med å arbeide med i året som kjem.

Planen si oppstilling av oppgåver for komande år er basert på kva som er kjend i dag. Samstundes er planen så fleksibel at kontrollutvalet kan gripe fatt i saker som oppstår undervegs i året. Planen gir og rom for å flytte på saker mellom møta dersom det vert behov for dette .

Årsplanen er òg som ein del av kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret. Den vedtekte planen vert vidaresendt til kommunestyret til orientering.

Sekretariatet vil innarbeide eventuelle endringar i planen før den vert send vidare.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtar årsplanen for 2017. Vedteken plan vert vidaresendt til kommunestyret

SANDNES, 06.11.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Årsplan 2018 Bjerkreim kontrollutval](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Til sakslista](#)

36/17 Rapport forvaltningsrevisjon PP-tjenesten i Dalane

Arkivsak-dok. 16/00371-9
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	13.11.2017	36/17

Bakgrunn

Kontrollutvalet i Bjerkreim hadde spesialundervisning, tidleg innsats som eit av dei uprioriterte områda i den vedtekne planen for forvaltningsrevisjon. Dette området er nært knytt til PP-tenesta. Difor var det naturleg for kontrollutvalet i Bjerkreim å vere med i gjennomgangen av PP-tenesta i Dalane saman med dei andre kommunane i samarbeidet.

Føremålet med prosjektet var å sjå nærare på PP-tenesta sitt samarbeid med barnehagar og skular i det individ- og systemretta arbeidet.

Kontrollutvalet vedtok å sjå nærare på desse problemstillingane:

- Hvilke mål styrer PP-tjenesten etter og hvilke resultater oppnår den?
- Hva kjennetegner prosessen fra et særlig behov fanges opp til konkrete tiltak sette inn?
- Hva kjennetegner arbeidet PP-tjenesten gjør i barnehagene og på skolene med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å sikre barnehagebarn og skoleelever et tilrettelagt tilbud?
- Hvordan opplever PP-tjenesten og samarbeidspartnerne samhandlingen?
- Hva kan være årsakene til en høy andel elever med spesialundervisning?
- Hvilke forbedringsmuligheter foreligger i tjenestens individ- og systemretta arbeid?

Saksutgreiing

Revisor har nå ferdigstilt rapporten for behandling i kontrollutvalet, med innstilling til kommunestyret.

Rapporten sine hovudkonklusjonar kan kort summerast opp slik:

- Delen av barnehageborn som får vedtak om spesialpedagogisk hjelp i Dalane er lågare enn snittet i Rogaland og elles i landet. Dette gjeld alle dei fire kommune i Dalane med unntak av Lund.
- Delen av skuleelevar med vedtak om spesialundervisning har gått ned dei siste åra. Det kan i følgje revisor ha samanheng med tettare samarbeid med PP-tenesta om tilpassing av undervisninga.
- Når det gjeld timetalet pr. spesialundervisningselev, varierer dette stort mellom kommunane i Dalane. Elevane i Lund og Bjerkreim får det dobbelte av timar til spesialundervisning i høve til det elevane i Sokndal får, der timane har gått ned dei siste fem åra.
- Revisor peikar på at alle kommunane nå bruker mindre på både styrka barnehagetilbod og spesialundervisning. Dette er ei positiv utvikling og inneber at

barnehagane og skulane har vorte flinkare til å tilpasse opplæringa, som igjen fører til at ein treng mindre styrka barnehagetilbod/spesialundervisning. Alle kommunane ligg likevel over landsgjennomsnittet når det gjeld utgifter til styrka barnehagetilbod.

- Barnehagane og skulane i Dalane er nøgde med samarbeidet med PP-tenesta.
- Det er laga felles malar til bruk i alle kommunane. Dette sikrar tett og godt samarbeid og likelydande praksis.
- Alle kommunane har laga plan for overgang frå barnehage til skule
- Gjennomgangen syner at det stort sett er samsvar mellom den sakskyndige vurderinga sine tilrådingar og vedtak, sidan avvik sjeldan førekjem.
- Revisor meiner at PP-tenesta har funne ei samarbeidsform med kommunane som sikrar rask hjelp.
- Revisor peikar på at kommunane med fordel kan stille meir konkrete krav til PP-tenesta om kva mål PP-tenesta skal arbeide etter og kva fristar som skal gjelde for arbeidet. Ei tydeleggjering av mål og fristar vil styrke arbeidet til PP-tenesta og betre tenestene som vert ytt ovanfor kommunane i Dalane.
- Revisor vurderer at PP-tenesta kan jobbe meir systematisk i saker som gjeld heile grupper av born/elevlar.
- Revisor fann at det var laga plan for alle barn som har enkeltvedtak med rett til spesialundervisning i dei sakene som er gjennomgått.
- Det ligg ei utfordring for kommunane med å skaffe rett spesialpedagogisk kompetanse til rett tid ved sjukdom. Revisor meiner at dei fire kommunane i større grad kan utveksle informasjon om korleis desse utfordringane best kan løysast og saman finne gode og effektive løysingar.

Revisor kjem med dess tilrådingane:

- **Vi tilrår PP-tenesta og kommunane** i fellesskap å sjå nærare på dei store variasjonane i timetalet per spesialundervisningselev.
- **Vi tilrår kommunane** i det interkommunale samarbeidet å stille meir konkrete krav til å oppnå mål for PP-tenesta sitt arbeid, og at desse måla vert nedfelt i PP-tenesta sin handlingsplan.
- **Vi anbefaler kommunane** å utveksle råd og tips om korleis ein best kan løyse utfordringane med å sikre kontinuitet i den spesialpedagogiske hjelpa/spesialundervisninga i tilfelle der utførar vert sjuk.
- **Vi anbefaler PP-tenesta** å jobbe meir systematisk i saker som gjeld heile grupper av born/elevlar. I slike saker, der barnehagar og skular ber om råd overfor heile grupper, kan PP-tenesta i større grad (og på eige initiativ) vie evaluering av iverksette tiltak større merksemd og gjerne følge utviklinga over tid.

Det vert vist til rapporten for meir informasjon om undersøkingane som vart føretekte.

Rapporten er førelagd rådmannen i vertskommunen til uttale. Uttalen finst på side 9-10 i rapporten, og går ikkje inn på dei utfordringane som gjeld spesielt for Bjerkreim.

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at kommunestyret sitt vedtak knytt til gjennomført forvaltningsrevisjon vert følgd opp av rådmannen. Sekretariatet vil difor be om tilbakemelding på korleis rapporten og kommunestyret sitt vedtak er følgt opp ca. 6 månader

etter at rapporten er behandla av kommunestyret. Sak om oppfølging vert lagd fram for kontrollutvalet før den vert send vidare til kommunestyret.

I medhald av kommunelova § 77, nr 6 rapporterer kontrollutvalet direkte til kommunestyret. Kontrollutvalet skal derfor leggja fram saksutgreiing og innstilling direkte til kommunestyret i desse sakene.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret å fatte følgjande vedtak:

Kommunestyret i Bjerkreim tek den framlagde rapporten til etterretning.

Rapporten vert send over til rådmannen for oppfølging av dei tilrådingane som både gjeld Bjerkreim kommune spesielt og kommunane i fellesskap. Rådmannen gjer tilbakemelding om korleis rapporten er følgt opp til kommunestyret via kontrollutvalet ca. 6 månader etter at rapporten er vedteken i kommunestyret.

SANDNES, 06.11.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Rapport forvaltningsrevisjon PP-tenesta Dalane](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Til sakslista](#)

37/17 Statusoversikt november 21017

Arkivsak-dok. 16/00290-29
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	13.11.2017	37/17

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å følge saker som går over fleire møter. Dette gjeld forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som vert følgt frå dei vert bestilt fram til dei er endeleg følgde opp. Andre type saker som krev oppfølging vert òg tatt med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Målet med saka er å gje kontrollutvalet ei oppdatert oversikt over status på dei ulike sakene så lenge dei er under behandling og til dei er ferdig følgde opp frå kontrollutvalet si side. Oversikta er òg laga slik at den viser dei sakene som utvalet har arbeidd med i denne valperioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert lagd opp til at revisor under denne saka kan gje utvalet orientering om status på prosjekt dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

Endringar i dette møtet:

- Kontrollutvalet avklarar prosjektmandatet for prosjektet Skulemiljø i Bjerkreim II
- Rapporten Dalane interkommunale PP-teneste er behandla i dette møtet
- Kommunen skal behandle eigarskapsmeldinga nå før jul. Oppfølging av rapporten eigarskapsforvaltning er utsett til første møte i 2018.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek statusoversikt kontrollutvalet saker november 2017 til orientering.

SANDNES, 06.11.2017

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt over prosjekter og kontroller november 2017](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Til sakslista](#)